



Idrettslaget mottar mest frå ordninga. Det er med og sikrar eit allsidig og godt idrettstilbod.

I 2012 vart laga i bygda tilført 91.523,95kr frå Norsk Tipping gjennom ordninga med grasrotmidlar. Dette er ein flott auke på om lag 20.000kr frå 2011. Tilsaman 252 personar som spelar på Norsk Tipping sine ulike spel, har sytt for at denne summen kjem lag i bygda til gode. Idrettslaget er naturleg nok det laget som mottar mest med nærmare 47.000kr.

Oversikten nedanfor viser fordelinga på laga:

- Idrettslaget, 46.746,32kr frå 110 spelarar. Auke frå ca.33.000kr.
- Skulemusikken, 21.078,75kr frå 74 spelarar. Auke frå ca. 18.300kr.
- Røysterett for alle, 9.637,64kr frå 24 spelarar. Auke frå ca. 7.300kr.
- Helselaget, 9.402,26kr frå 30 spelarar. Auke frå ca.7.200kr.
- Ungdomslaget, 4.658,95kr frå 14 spelarar. Auke frå ca.4.250kr.

Desse midlane kjem svært godt med til drifta av dei ulike laga. Og vi gjentar gjerne: det kostar ikkje spelarane noko å syte for at laga får denne støtta. Det einaste som dei treng gjera er å melde frå kva lag dei vil støtte.

Med den flotte utviklinga som har vore, må vi håpe på at 100.000kr vert passert med god margin i året vi no går inn i. Uannsett kva lag ein støttar, går det i alle fall til ei god sak.

Tekst: Thor Inge Døssland



Skulemusikken får eit godt tilskot til drifta frå ordninga. (Foto: Ola Matti Mathisen)